

MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset
Møtedato	18.12.2015
Kl.	12:00

År 2015, den 18. desember kl. 12.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på fylkeshuset, Leikanger.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 11. desember 2015. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjent.

Representantane Sigurd Erlend Reksnes, Gunn Karin Sande, Åshild Kjelsnes, Marita Gunn Aarvik og Gunhild Berge Stang hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte Per Atle Kjøllesdal, Gro Starheimsæter, Marie-Helene Hollevik Brandsdal, Rita Navarsete og Daniel Gangeskar. Fylkestinget godkjende forfalla til Reksnes, Sande, Kjelsnes, Aarvik og Stang.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseater
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Erlend Haugen Herstad
Per Atle Kjøllesdal
Gro Starheimsæter

ARBEIDERPARTIET:

Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic
Marie-Helene Hollevik Brandsdal

HØGRE:

Noralv Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Rita Navarsete

VENSTRE:

Alfred Bjørlo
Daniel Gangeskar

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob Andre Sandal

MILJØPARTIET DE GRØNNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Bjørn Erik Hollevik og Karen Marie Hjelmeseter vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene var sendt ut slik:
Sak 72/15 Sendt ut 15. desember 2015

Saklista vart godkjent. Fylkesrådmannen orienterte om søksmål frå Havalafjord AS mot F1 Holding AS, dagsett 17.11.15.

Etter debatten, men før avrøystinga, la representantane frå Ap, V, SV og MDG fram krav om protokolltilførsel til møteboka, i tilfelle framlegget deira til vedtak ikkje skulle bli vedteke. Fylkesordføreren tillét protokolltilførselen, som ligg som vedlegg til møteboka.

**SAK 72/15 Krav om lovlegkontroll av fylkestings sak 46/15 -
eigarposisjonen i Fjord1 AS**

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget finn avgjerda i fylkestings sak 46/15 gyldig.
2. Fylkestinget gjev ikkje kravet om lovlegkontroll utsetjande verknad.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet, Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget finn ikkje avgjerda i fylkestings sak 46/15 gyldig.
2. Fylkestinget gjev kravet om lovlegkontroll utsetjande verknad

Avrøysting:

Punkt 1 i framlegget frå Arbeidarpartiet, Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 13 røyster og framlegget fall.

Punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding fekk 18 røyster og vart vedteke.

Punkt 2 i framlegget frå Arbeidarpartiet, Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 13 røyster og framlegget fall.

Punkt 2 i fylkesrådmannen si tilråding fekk 18 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget finn avgjerda i fylkestings sak 46/15 gyldig.
2. Fylkestinget gjev ikkje kravet om lovlegkontroll utsetjande verknad.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Hilmar Høl, Ap, takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 18. desember 2015 på fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 14.50.